



# Hjelmeland idrettslag

## Årsmelding for hovudstyret for 2023

### Styret 2023

Leiar	Torborg Kleppa
Nestleiar	Jan Robert Nijmeijer
Kasserar	Anders Sie
Sekretær	Monica Borgen Svendson
Leiar ski- og trimgruppa	Jofrid Hia
Leiar fotballgruppa	Jarle Mjøllhus
1. vara	May Linn Mæhle
2. vara	Miroslav Elias

Det blei ikkje vald leiar for handballgruppa ved årsmøtet 2022, då ein ikkje hadde greidd å rekruttera ny leiar. Styret fekk i oppdrag å arbeida med å finna ny leiar til handballgruppa. I mellomtida vedtok ein at aktiviteten i handballgruppa skulle administrerast av fotballgruppa.

Styret har ikkje lukkast med å etablera ei ny handballgruppe i løpet av 2023, og heller ikkje funne ny leiar. Leiar i hovudstyret har gått inn som kontaktperson mot handballforbundet.

Medlemmer i idrettslaget 378.

### Møter

Hovudstyret har hatt totalt 6 styremøte i 2023.

Årsmøtet blei gjennomført 15. mars 2023 i Klubbhuset på Hjelmeland.

Leiar/andre representantar frå idrettslaget har hatt fleire kontaktmøte med Hjelmeland kommune. Leiar har også delteke på felles kontaktmøte mellom kommune og lag og organisasjonar i Hjelmeland.

### Aktivitet

Aktiviteten i idrettslaget skjer først og fremst gjennom aktivitet i gruppene.

Styret har arrangert ein Skadefri-kveld i samarbeid med Stavanger Idrettsklinikk. Her fekk dei frammøtte, som var ei samansett gruppe med foreldre, trenarar og aktive frå både ski og fotball, ei innføring i viktige skadeførebyggande tiltak.



Som nemnd har det ikkje vore ei eiga handballgruppe i idrettslaget dette året, og følgeleg ikkje ei årsmelding frå den gruppa.

Det var tre lag som spelte handball sesongen 22/23. Det var G10, G12 og J13.

Frå hausten 2023 har 1. og 2.kl hatt handballtrening. Det er ingen lag som deltek i seriespel eller minihandballturneringar denne sesongen.

Me viser elles til gruppene sine årsmeldingar.

## Dugnad

Dugnad er eit svært viktig bidrag til drifta av Hjelmeland idrettslag. Nokre av dugnadsjobbane handlar om å skaffe inntekter til idrettslaget. Ein annan del av dugnaden er frivillig arbeid for å få løyst arbeidsoppgåvene knytt til drifta av laget. Sjølv om me har gode sponsorar, ville me aldri kunne dirve laget med slik aktivitet som i dag utan denne dugnadsinnsatsen.

Hjelmeland il stilte med dugnadsgjeng til rigging og vakthald under arrangementet «Vamp i Vågen» i juli.

Nærare 90 personar stilte til dugnad under Ryfest i 2023. I tillegg til at styret og gruppene legg ned ein ganske stor innsats i planlegging og administrering av denne jobben.

Hjelmeland Sparebank-cup er også eit stort arrangement som krev dugnadsbidra frå mange, både foreldre og spelarane sjølv.

Over 50 trenarar og lagleiarar tek ansvar for treningar og organiserar reiser på kampar og cupar gjennom heile året.

Å driva eit idrettslag handlar i stor grad om denne felles innsatsen, og det hadde ikkje blitt noko av utan desse frivillige.

## «Ope klubbhus»

Fritidstilbodet «Ope klubbhus» er inne i sitt andre driftsår. Henrik Grønvik er tilsett som leiar for dette tilbodet i 40 % stilling. «ope klubbhus» er på tysdaga og torsdagar når det er skule. Dette skuleåret har det i snitt vore 22,5 barn som nyttar tilbodet kvar gong. Målgruppa er barn og unge frå 5. – 10. kl., men erfaringa viser at dei fleste som kjem går i 5. – 7. klasse. Tilbodet blir også nytta av ungdomsskuleelevar, men altså i mindre grad, og mest som ei opphaldsrom mellom skule og fritidsaktivitet.

Dette fritidstilbodet blir finansiert med tilskot frå Buf-dir, som har gitt tilsagn om tilskot også for 2024, og med tilskot frå Hjelmeland kommune.

## Medlemsregister

Eit heilt driftsår med bruk av Norges Idrettsforbund sitt system - Klubbadmin, viser at me i



større grad har greid å få inn medlemskontigenten. Det er bra!

Det er framleis utfordringar med å få nye medlemmer til sjølv å melda seg inn, og legge inn alle naudsynte opplysningar sjølv, men det går rette vegen.

## Kommunikasjon

Ein av laget sine utfordringar er å lukkast med kommunikasjon, både internt i laget, og ut mot omverda.

Me har ikkje lukkast med å finna gode måtar å drifta heimesida på, og denne har vore meir eller mindre ut av drift. Styret har tatt tak i dette, og jobbar med å få på plass ei ny og forbetra utgåve av heimesida, og me håpar å denne opp å gå i løpet av første halvår 2024.

Vidare jobbar med å finna betre verktøy for kommunikasjon internt, og har sett på muligheten for å ta i bruk Spond klubb, blant anna som ein erstatning for ein del av den kommunikasjonen som i dag føregår på Facebook.

## Sponsor

Idrettslaget hadde 2023 avtale med 15 ulike sponsorar om ein fleirårig sponsoravtale, med eit samla sponsorbeløp på 685 000. Dei to klart største sponsorane er Hjelmeland Sparebank og MOWI, som begge har støtta idrettslaget over fleire år. Idrettslaget er veldig glade for det gode samarbeidet med har med desse to, og med alle dei andre sponsorane.

## Økonomi

Idrettslaget har om lag 2,2 mill. i driftsinntekter, og driftskostnadar på om lag 2,1 mill.. Årsresultat på om lag kr.98 000. Eigenkapital på kr 3,7 mill. Gjelda er på 1,3 mill., og samla bankinnskott på litt over 1,5 mill. Dette går fram av årsrekneskapen.

Idrettslaget har ein stabil og grei økonomi som gir eit grunnlag for den daglege drifta. Ein stor del av inntektene kjem frå ulike tilskott, som aktivitetsmidlar frå idrettsforbundet, driftsstøtte frå Hjelmeland kommune, og diverse tilskottsordningar som idrettslaget nyttar seg av.

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Monica Borgen Svendsen

Styremedlem

Serienummer: UN:NO-9578-5999-4-2638868

IP: 80.213.xxx.xxx

2024-03-05 07:47:30 UTC



## Torborg Kleppa

Styreleder

Serienummer: UN:NO-9578-5995-4-123531

IP: 79.161.xxx.xxx

2024-03-05 08:57:47 UTC



## Jofrid Hia

Styremedlem

Serienummer: 9578-5997-4-328074

IP: 51.174.xxx.xxx

2024-03-05 15:25:16 UTC



## Jan Robert Nijmeijer

Nestleder

Serienummer: UN:NO-9578-5995-4-3989396

IP: 88.93.xxx.xxx

2024-03-05 18:54:34 UTC



## Anders Sie

Styremedlem

Serienummer: 9578-5997-4-343884

IP: 51.174.xxx.xxx

2024-03-05 20:36:51 UTC



## Jarle Mjøhus

Styremedlem

Serienummer: 9578-5997-4-396826

IP: 77.16.xxx.xxx

2024-03-07 09:37:11 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: SE4HE-SD0A7-5GKZC-VZYJK-MQ78T-OGCTO

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <[penneo@penneo.com](mailto:penneo@penneo.com)>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>